



ÅRSMELDING 2006

FOR

**MIDSUND SOKNERÅD /
FELLESRÅD**

1. PLANOMRÅDER

Kyrkja har følgjande fire områder:

- 1.1 1. Kyrkjeadministrasjon
- 1.2 2. Kyrkja
- 1.3 3. Gravplassar
- 1.4 4. Andre kyrkjelege formål

2. MÅL FOR VERKSEMDA

Oppfylle intensjonane i lovverka som gjeld for soknerådet si verksemd, med den status som Midsund sokn har i følgje kyrkelova.

§1 seier følgjande om formålet med kyrkelova:

Å legge tilhøva til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk lutherske folkekyrkja i Noreg.

Midsund Sokneråd har funksjonen som sokneråd med ansvar og oppgåver i kyrkjelyden iflg. §9 i kyrkelova, og som fellesråd med administrative og økonomiske oppgåver iflg. §14.

Soknerådet si oppgåve er uttrykt slik:

Soknerådet skal ha si verksemd vendt mot alt som kan gjerast for å vekke og nøre det kristne livet i kyrkjelyden, særleg at Guds Ord kan verte rikeleg forkynt, og at sakramenta vert gjeve til sjuke og døyande. Få barn og unge samla om gode formål, døypte vert gjevne dåpsopplæring. Hjelp vert gjeve der det er åndeleg og lekamleg naud.

3. KORT OMTALE AV VERKSEMDA

- Sakshandsaming for soknerådet
- Tilsyn med, drift og vedlikehald av kyrkje, kapell og gravplassar
- Forordna kyrkjelege handlingar
- Diakonalt arbeid i kyrkjelyden
- Dåpsopplæring, konfirmantundervisning, barne- og ungdomsarbeid, medarbeidarfostring
- Kyrkjekonsertar, kyrkjebladet og anna kyrkjelydsarbeid

4.1 RESSURSBRUK – ØKONOMI

Tala er gjeve i heile 1000 kr	<u>Rekneskap</u>				<u>Budsjett</u>				
	2003	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2007	
1Kyrkjeadministrasjon									
Driftsutgifter		354	374	388	371	392	390	374	(429)
Driftsinntekter		345	320	320	374	298	288	374	(429)
Netto utgift/inntekt		- 9	54	68	- 4	- 94	- 102	0	0
2Kyrkjer									
Driftsutgifter		434	402	466	546	488	508	515	(598)
Driftsinntekter		494	509	540	495	488	504	402	(335)
Netto utgift/inntekt		60	-107	-74	51	0	4	-113	(- 263)
3Kyrkjegardar									
Driftsutgifter		171	228	309	227	225	245	245	(210)
Driftsinntekter		216	273	299	262	259	272	282	(230)

Netto utgift/inntekt	45	- 45	9	- 35	34	- 27	36	(20)
4Andre kyrkjelege formål								
Driftsutgifter	94	126	81	93	93	89	87	(87)
Driftsinntekter	101	136	85	105	86	89	87	(94)
Netto utgift/inntekt	7	-10	-3	- 12	- 7	-1	0	(7)
4.2	<u>Kommentar til ressursbruk –økonomi *****</u>							

For ansvar 1 Administrasjon var det eit lite overskot på kr 3 842,03.

For ansvar 2 Kyrkje vart det eit underskot på kr 50 917,47. Underskotet vart mindre enn forventa, soknerådet hadde budsjettert med eit underskot på kr 112 900. Det vart brukt kr 68 903,09 frå ubundne fond. I tillegg vart overskotet for ansvar 1, 3 og 4 nytta til å dekke underskotet for ansvar 2.

For ansvar 3 Kyrkjegardar hadde vi eit overskot på kr 35 154,74. I budsjettet var det lagt inn avsetjing til ubundne fond for innkomne festeavgift på kr 36 900. Dette vart ikkje gjort då desse midlane gjekk til å dekke underskotet for ansvar 2.

For ansvar 4 hadde soknerådet eit rekneskapsmessig overskot på kr 11 920,70. Overskotet vart nytta til å dekke underskot for ansvar 2.

Midsund Sokneråd hadde eit samla reelt underskot på kr 68 903,09 for 2006. Rekneskapsmessig gjekk soknerådet i balanse ved bruk av ubundne fond.

4.3 Overføringar frå staten og Midsund kommune

Under ser vi ramma vi har fått frå kommunen og staten dei 6 siste åra:

	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Kommunen	813 200	811 500	831 800	860300	819900	849933
Staten	181 000	165 000	159 000	143 000	106000	81000

4.4 Soknerådet sine fond

Soknerådet sine totale midlar plassert på disponible og bundne fond pr 31.12.2005:

Bundne driftsfond	kr	10 776,50	(Flomlys til Otrøy kyrkje kr 10 597,00 og Søre Midøy kapell kr 179,50)
Ubundne driftsfond	kr	184 169,00	

4.5 Likviditet

Likviditeten til soknerådet er god. Vi har ingen gjeld og klarer å halde forbruket nede på eit lågt nivå, sjølv om vi også dette året gjekk med eit underskot. Ved å halde fram med eit nøkternt forbruk vil likviditeten fortsette å vere god, dersom det kommunale tilskotet tar høgde for at vi no har fått organist i fast stilling og det statlege tilskotet ikkje vert vesentleg mindre. Vi kan ikkje tåle nedgang i tilskot frå kommunen utan at dette medfører underskot.

Likviditetsreserven på kr 117 687,63 har ikkje vore belasta dei siste 4 år.

Likviditet (Omløpsmidlar delt på Kortsiktig gjeld) dei 5 siste åra (når likviditeten er over 2,0 er den god):

2002	2003	2004	2005	2006
2,29	3,36	4,14	3,37	3,14

Arbeidskapitalen (Omløpsmidlar minus Kortsiktig gjeld) dei 4 siste åra i heile tusen:

2002	2003	2004	2005	2006
222	322	426	381	313

4.6 Konklusjon for rekneskapen 2006

Underskotet for ansvar 2 Kyrkje kjem i stor grad av stor auke i straumutgiftene, dei kommunale avgiftene og reiseutgiftene .

5. GJENNOMFØRT I 2006

5.1 Soknerådet/fellesrådet

Det nye soknerådet tok til i si gjerning og hadde 8 sokneråds/fellesrådsmøte der 52 saker vart handsama. Nokre av dei viktigaste sakene var:

- Organistsstillinga i Midsund. Ny utlysing medførte 5 søkjarar på stillinga. 2 av søkjarane var her til intervju og prøvespelling og den eine fekk tilbod om stillinga. Han svara ja og soknerådet tilsette Tim Stern i stillinga som kantor
- Utviding av Nord-Heggdal gravplass og veg til kapellet. I 2002 vart det satt ned ei nemnd som skulle sjå på mogleg utviding av gravplassen og vegtilkomst. Dei hadde sitt siste møte i byrjinga av 2006 og leverte ein rapport til soknerådet som er levert vidare til rådmannen saman med soknerådet sitt vedtak.
- Plantning ved Otrøy kyrkje/kyrkjegard. I 2004 vart det satt ned ei nemnd som skulle utarbeide ein plan for kyrkjegarden og området ved kyrkja. Det Norske Hageselskap vart òg kontakta og dei utarbeidde ei grovskisse for området. Nemnda la fram eit referat med deira forslag til vidare arbeid som soknerådet vedtok å følgje.
- Aksjon Håp. Innsamlingsaksjon der soknerådet bad misjonsutvalet om å danne ein innsamlingskomité
- Høringsfråsegn frå Midsund Sokneråd om forholdet mellom Stat – Kyrkje. Eit fleirtal av medlemane i Midsund Sokneråd ønskjer noverande tilknytning til staten

5.2 <u>Kyrkjeleg årsstatistikk</u>	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Fødde tilhøyrande DNK	28	19	25	26	26	17	17
Døypte tilhøyrande DNK (busette i Midsund)	28	17	21	25	28	18	15
Døypte i Midsund sokn (busett også utanfor Midsund)	29	14	15	15	33	25	22
Konfirmerte	19	20	22	18	19	17	20
Vigslar i Midsund sokn	9	4	5	4	3	0	1
Kyrkjeleg vigde, busett i Midsund	10	4	10	3	4	0	0
Gravferder	16	20	36	20	21	19	21
Gudstenester i alt	56	61	58	62	58	54	48
Samla tal deltakarar	3828	3621	4066	3862	4136	3355	3784

Av desse:

hovudgudsteneste på søn- og helgedagar	45	46	45	46	43	47	43
- familiegudstenester/ungdomsgudstenester	10	11	8	12	9	7	8
- gudsteneste med nattverd	33	35	36	36	34	33	24
nattverdsgjestar	790	789	893	925	744	579	655

Tal gudstenester fordelt mellom gudstenestestadane:

- Otrøy kyrkje	34	35	35	34	36	31	34
- Nord-Heggdal kapell	10	11	12	12	9	9	8
- Søre-Midøy kapell	5	3	3*	4	3	4	4
- Aldersheimen	2	3	3	3	3	2	3
- Friluftsgudstenester**	1	1	1	1		0	0

*) Ei gudsteneste vart halde på Midøy skule.

**) Ikkje alle friluftsgudstenestene vert arrangert av Midsund kyrkjelyd.

I offer og kollektar kom det inn kr 93740,50*. Av dette kom det inn til eiga verksemd kr 30270,00.

* Teke med kollekt samla inn under konserten då TV-aksjonen for Leger utan grenser gjekk

5.3 Administrasjon og personal

Stillingar:	Kyrkjevevje	Svanaug Lervik	50 %
	Klokkar	Kjellaug Johnsen	12 %
	Kyrkjetenarar	Harry Orvik	20 %
		Peder Jensen	10 %
	Kantor	Tim Stern	60 %

Peder Jensen sa opp stillinga si i mai 2006, det er ikkje tilsett nokon i hans stad. Det lukkast endeleg å tilsette organist i 2006. Tim Stern byrja som kantor den 22. august.

5.4 Arrangement i kyrkjelyden

Følgjande arrangement vart gjennomført:

- Konfirmantfest
- Årsmøte - ved møtet i 2006 kom 16 personar. Årsmøtet vart halde på Betania bedehus
- Hausttakkefest med kyrkjemiddag etter gudstenesta der vår nye kantor tok del for første gang.
- Orgelkonsert av Tim Stern
- Møteveke med Kjell Ueland, Sigrid Sundsbø, Hilde Nerland Myhr og Liv Anne Bjerkeland frå NMS og Erling Neerland frå Israelsmisjonen
- Adventskonsert

5.5 Kyrkjebygga

Søre Midøy kapell

Taket vart skifta, dette gjorde Midøy Velforening på dugnad.

5.6. Gravplassane

Otrøy kyrkjegard

Det vart sett ned ei plantenemnd som saman med Norsk Hageselskap har laga ein plan for både kyrkjegarden og området rundt kyrkja. I plantenemnda har Nils Sanden, Svein Edmund Misund og Jan Otto Hånes sete.

Nord-Heggdal gravplass

Kommunen har ikkje kome i gang med reguleringsplanen for kapellområdet. I 2005 vart det grøfta for å hindre avrenning ned i vegggrøfta, i 2006 vart arbeidet avslutta med å sette opp ein mur og å plante på oversida av muren. Området står no fram som innbydande og pent. Midsund Sokneråd sette ned ei nemnd i 2003 som skulle sjå på korleis ei utviding av gravplassen bør skje. I nemnda har Jonny Hagset, Magne Reiten, Agnar Opstad og Per Steinar Orvik sete.

5.7 Kyrkjarbeidet/det frivillige arbeidet

Barnearbeidet

Midsund Sokneråd vil nytte høvet til å takke og gje honnør til alle leiarar og medhjelparar i barne- og ungdomsarbeidet. Dei gjer eit viktig frivillig arbeid i kyrkjelyden.

Formiddagstreff

Formiddagstreffet på Betania bedehus er eit treff for småbarn og deira foreldre annakvar onsdag formiddag. Her er det mat, prat og leik.

Tove Silseth Opstad og Hilde Hole har vore leiarar.

Barnegospel

Barnegospel består av 15 – 20 barn frå 4-9 år. Dei øver anna kvar tysdag på bedehuset. Dei har opptredd i kyrkja, på bedehuset og på aldersheimen. Lucia-framsyninga som har vore dei 2 føregåande åra tok ein pause i år sidan Gospel+ ikkje var i sving hausten 2006.. Leiarane i Barnegospel er Inger Marie Sjøvik, Randi Anna Hånes og Oddveig Ræstad.

Gospel +

Øver anna kvar tysdag, dei har opptreidd i kyrkja, på bedehuset og på aldersheimen. Gospel+ vert leia av Elin Krogsæter, med hjelp av Åshild Melkeraaen og Brita Ims Sjøvik. Sunniva Høgset har vore hjelpeleiar. Gospel+ består av 10 – 15 barn som går i 4. klasse og oppover til og med 8. klasse. Hausten 2006 var Gospel+ ute av drift då dirigent og leiar Elin Krogsæter var borte dei 2 siste månadene i 2006.

Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringane

Det vert kvart år delt ut Mi kyrkjebok, eit lottospel tilhøyrande boka og CD-en "Når vi samlast" som vart spilt inn i 1999 til 4-åringane. I 2006 var det 22 av 26 som kom i kyrkja og fekk boka Linda og den vesle kyrkja.

Utdeling av 6-års bok

I 2006 var det 23 av 27 inviterte som fekk boka Tre i eit tre i kyrkja. 1 fekk boka seinare. Etter gudstenesta var det kyrkjepiknik på Sandneset Camping kor det var både mat og sporleik.

Utdeling av barnesalmeboka til 2. klassingane

Det vert kvart år delt ut salmebok til 2. klassingane. I 2006 var det 21 som fekk utdelt salmebok.

Utdeling av biblar til 5. klassingane

Det vert kvart år utdelt biblar til 5. klassingane. I 2006 var det 31 som fekk utdelt bibel. Av desse kom 26 til kyrkja og mottok bibelen der.

Minikonfirmantane.

Ordninga med minikonfirmantar er ein del av dåpsopplæringa. Alle som går i 5. klasse får tilbod om å verte minikonfirmant. Dei har 5 gruppemøte, 4 møte heime hos gruppeleiarar og eit møte under weekenden som dei siste åra har vore på Midøy skule. Dei deltek òg med sang på ei andakt på aldersheimen saman med presten. Minikonfirmanttida vert avslutta med familiegudsteneste i Otrøy kyrkje. I 2006 var det 16 barn som var med på minikonfirmantundervisninga og 16 barn som var med på minikonfirmantweekend.

Konfirmantane.

Konfirmantgruppene møtast i heimane, anten hos gruppeleiar eller konfirmantane. Dei siste åra har det og vore ein til to konfirmantsamlingar ute i det fri. Dette har vore tur til Franskehellaren og tur i Sør-Heggdal, opp mot Midsundvatnet der dei har fått oppgåver som skulle gjerast undervegs. Presten har elles timar med konfirmantane på skulen og i kyrkja og ein hyggekveld heime hos seg.

Ving

er eit tilbod til unge i alderen 8 år og oppover. Dei samlast på bedehuset anna kvar onsdag, der dei har forskjellige aktivitetar. Marie Tholvsen Nygård og Kari Bjørnerem er leiarar for Ving. Det er 10 – 30 unge som samlast.

Søndagsskulane.

Det vart drive 2 søndagsskular i Midsund sokn i 2006. Desse var Raknes og Solstrålen søndagsskular.

Utvål

Undervisningsutvalet

Medlemar til undervisningsutvalet vert valt for 4 år (soknerådsperioden). For 2006 – 2009 sit Asbjørn Ræstad, Reidun Solberg Stølen, Bjørg Opstad Orvik, Britt Lillian Håvik og Stein Barlaup, leiar. Undervisningsutvalet hadde 2 møte i 2006 der opplegget for minikonfirmantane vart lagt.

Diakoniutvalet

Medlemene for diakoniutvalet vert valt for 4 år (soknerådsperioden). For 2006 - 2009 sit leiar Knut Nygård, Camilla Stølen Søvde, Karin Heggdal og Inger Marie Sjøvik. Det vart ikkje halde møte i diakoniutvalet i 2006.

Gudstenesteutvalet

Medlemane i gudstenestutvalet vert valt for 4 år. For 2006 – 2009 sit Perdy Raknes, Randi Anna Hånes, Kristi Jensen, Daniel Sjøvik og Stein Barlaup, leiar. Kantor Tim Stern kom med i gudstenesteutvalet då han vart tilsett. Gudstenesteutvalet hadde 2 møte i 2006.

Oualia misjonsutval

Medlemane i misjonsutvalet vert valt for 4 år. For 2006 – 2009 sit Liv Johanne Opstad, Perdy Raknes og Matias Heggdal.

Foreningar/bibegrupper/kor

Misjonsforeningar og indremisjon.

Det er ca 7 misjonsforeningar i sving, desse har møte heime hos medlemane og samlar inn midlar til den misjonen dei representerer. Dei har andakt på aldersheimen etter tur og står ansvarleg for ein del møte på bedehuset.

Misjonsforeningane er:

Raknes kvinneforening, NMS v/Kjellaug Johnsen

Midsund kvinneforening, NMS v/Borghild Raknes

Misjonsforening

Heggdal NMS-forening, v/Anne Kari Heggdalsvik

Ljosglimt Kvinneforening, NLM v/Brita Sjøvik

Foreninga for indre Sjømannsmisjon v/Nikoline Misund

Midsund Sjømannsmisjonsforening v/Amalie Misund

I tillegg har vi Midsund Indremisjon v/Asbjørn Ræstad, som har opne møter på bedehuset

Mannakameratane

Koret har 8 medlemar og øver på bedehuset med litt ujamne mellomrom. Dei har opptreidd i heile Møre og Romsdal.

Bønnekontaktkyrkjelyden Oualia i Mali

I 1998 fekk Midsund kyrkjelyd ein bønnekontakt med Oualia kyrkjelyd i Mali. Misjonsutvalet har sørgja for å sende og ta imot bønneemne.